

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: **KRD**

Fra: **Solund kommune**

Dato: **24. april 2014**

Kommune:	Solund
Prosjektnavn:	Solund til 1000
Prosjektleder:	Mark Ellevåg
Leder i styringsgruppen:	Ole Gunnar Krakhellen (ordførar)
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Hanne Brekken Oppedal
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe (X) b) Forankring i befolkningen c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt (X)
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Føremålet er å sikre langsiktig lokal utviklingskraft i Solund kommune. Hovudmåla er å: <ul style="list-style-type: none">• tydeliggjøre kommunen si rolle i utviklingsarbeidet• skape betre gjennomføringsevne for lokale prosjekt• styrke stoltheit for Solund• finne ein modell for gode lokale løysingar for offentlege tenester I tillegg har Solund til 1000 seks ulike «bein», kvart bein med forskjellige delmål: Bustad <ul style="list-style-type: none">• Det finst fleire bustadar til utleige i Solund.• Alternative miljøvenlege bustadar (t.d. TUN+) er blitt bygd i Solund.• Innbyggjarane i Solund har auka kunnskap om kva mogelegheiter dei har for å bygge nye bustadar og korleis miljøaspekt kan brukast for å forbetra bustadane.

<p>Utvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innbyggjarane i Solund har mogelegheiter til relevant kompetanseheving og personleg utvikling. <p>Levande Liv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møteplassar har blitt etablert og fører til 1) auka sosial kontakt mellom folk og 2) samarbeid mellom ulike grupperingar (t.d. geografisk, alder, interesse) i kommunen. • Lokalsamfunn i Solund er blitt utvikla etter dei ønskemål som kommer fram i framtidige prosessar. <p>Yrkesmangfold</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye bedrifter og arbeidsplassar, inkludert statlege arbeidsplassar, er blitt etablert i Solund kommune. • Innbyggjarane i Solund har tilgang til statlege tenester gjennom nye løysingar. <p>Samordning</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom samarbeid mellom Solund til 1000, Frivilligsentralen, Folkehelsekoordinatoren og SNU har nye og etablerte prosjekt fått auka gjennomføringsevne. <p>Tilknyting</p> <ul style="list-style-type: none"> • Solund kommune sine innbyggjarar er stolte over kommunen og har auka kunnskap om Solund si historie, kultur og natur. • Solund har ein tydeleg profil som vert brukt i marknadsføring. • Innvandrarar og tilflytta nordmenn er integrert i samfunnet. <p>Måloppfylling hovudmåla</p> <p>Bulystprosjektet har i 2013 bidrege til at der er auka fokus på lokalt utviklingsarbeid i Solund kommune. Det har vore arrangert fleire møte med politikarar, kommuneadministrasjonen, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar for å diskutere ulike utviklingstema. Ordføraren, administrasjonssjefen, prosjektleieren, samt ein representant frå formannskapet deltok dessutan på Distriktsenteret sin Omdømmeskule, og møte vart arrangert med fylkeskommunen for å diskutere utviklingsarbeidet i kommunen. I prosjektet sin handlingsplan for 2014 ligg å laga ein lokal utviklingsstrategi med utgangspunkt i kommunen sine eksisterande resursar og verdiar. I same prosess skal ein tydeleggjere kommunen sin rolle i utviklingsarbeidet. Arbeidet med strategien er eit viktig ledd for å vidareføre prosjektet etter prosjektperioden er slutt, og blir såleis også eit viktig tiltak for å skape langsiktig utviklingskraft i Solund. Der er behov for å jobba meir målretta mot tydelege mål og spissa målgrupper for å skape konkrete og positive resultat.</p> <p>Bulystprosjektet sin prosjektleiar har delteke i fleire arbeidsgrupper for lokale prosjekt i 2013. Dette inkluderer forprosjektet Solund kulturlandskapspark, lysprosjektet Alt lys på Solund, Tettstadforming Hardbakke og arbeidsgruppa for Solunddagen. Gjennom bulystprosjektet har kulturlandskapsparken og lysprosjektet vore knytt opp mot Geologiprosjektet i HAFS, og lysprosjektet har dessutan vore inkludert i arbeidet med tettstadformingsprosjektet. Bulystprosjektet bidrar såleis til å skape betre gjennomføringsevne for lokale prosjekt.</p>

Fleire tiltak er jobba med i 2013 for å styrke stoltheita for Solund, til dømes forelesingar, blogg og film. Responsen frå ålmenta har vore positiv, og filmen Øyriket Solund har til dømes blitt vist meir enn 6.000 ganger på Youtube, og delt over 50 ganger på Facebook. Gjennom å laga ei heilt ny type stillingsannonse med biletar av Solund, har Solund kommune fått fleire gode søkerar på jobb. Stillingsannonsen fungerer også som markedsføring og byggjer stoltheita for kommunen. Å styrke stoltheita for kommunen er likevel eit breitt mål som er vanskeleg å måle.

Ein utfordring i prosjektet er å finne ein modell for gode lokale løysingar for statlege tenester. Til trass mange diskusjonar og møte, samt kontakt med Distriktsenteret og statlege etat, ser Solund kommune ikkje ei løysing for dette hovudmålet. Teknologiske løysingar er avhengige av nasjonale system og statlege arbeidsplassar går meir til regionale enn lokale sentrum. Prosjektet vil jobba vidare med dette i 2014, men det er ikkje sannsynleg at prosjektet vil finne ei god lokal løysing i løpet av prosjektpersonen.

Delmål: Ei viktig erfaring som Solund kommune tar med seg av bulystprosjektet Solund til 1000 er å spissa sine mål og målgrupper. Prosjektet har fleire delmål som er altfor breie og ikkje har konkrete nok resultatmål. Denne auka kunnskap har kome gjennom ulike kurs og konferansar, og ikkje minst gjennom rapportar frå blant anna Distriktsenteret, og er såleis også eit viktig resultat i arbeidet med bulystprosjektet ettersom det vil styrke Solund kommune framover.

Bustad

Der er stor risiko å investere i nye utleigeeiningar i Solund. Eit møte arrangert mellom kommunen og næringslivet viste på behovet av ein bustadbehovsanalyse og ei bustadstrategi for Solund kommune. Prosjektet vil gjennomføre disse oppgåvane i 2014 og samtidig jobba vidare med å finne løysingar for å realisere nye utleigeeiningar. Solund ser blant anna på Hamarøymodellen som eit interessant alternativ.

Ei arbeidsgruppe vart satt ned for å prøve å realisere TUN+-prosjektet på Ytrøygrend. Arbeidet stoppa dessverre opp hausten 2013 grunna mangel på ekstern finansiering for å realisere ein eller fleire bustadar, men i 2014 ser ein nye mogelegheiter då fylkeskommunen skal gå inn med midlar for å laga ei prototype (til TUN+-prosjektet utanfor Sogndal).

Det tredje målet under Bustad er ikkje aktuelt å jobbe vidare med og det vil difor bli trekt i 2014.

Utvikling

Eit leiarkurs over åtte dagar (4 samlingar x 2 dagar) vart arrangert i samarbeid med Solund Næringsutvikling. 14 personar i leiarstillingar frå ulike bedrifter i kommunen deltok. Nettopp leiarkurset var ei viktig del av dette delmåla ettersom betre leiarkunnskap har vore etterspurt, og ein ser at der er behov for fleire leirarar i Solund som kan ta auka

ansvar i bedriftene. I tillegg har ei motivasjonsforelesing vore gjennomført i samarbeid med Solund Frivilligsentral, ei treff som trakk til seg om lag 50 personar. I 2014 vil nye kurs bli arrangert, inkl. kurs i styrearbeid og økonomi. Innbyggjarane har såleis mogelegheit til kompetanseheving og personleg utvikling.

Levande liv

Prosjektet har bidrege til at Solund Frivilligsentral i 2013 etablerte ein gjenbruksbutikk og kafé på kommunesentrums Hardbakke. Dette er blitt ei viktig møteplass for alle aldrar og kafeen blir brukt til mange ulike tiltak. Bulystprosjektet støtta i 2013 blant anna opp med å arrangere ein «torsdagslunsj». Om lag 30-40 personar kjem kvar veke for å treffast og snakkast, og dette er blitt ein møteplass for deling av informasjon om ting som skjer i samfunnet.

I arbeidet med integrering har bulystprosjektet i samarbeid med Frivilligsentralen arrangert språkkafé på kafeen. Dessverre har der vore få personar som har kome og vi må difor evaluere korleis vi skal jobba vidare med dette i 2014.

Yrkesmangfold

Som nemnt ovanfor har prosjektet ikkje funne nokre nye lokale løysingar for statlege tenester. Gjennom prosjektet Solund kulturlandskapspark, eit forprosjekt som vart initiert av bulystprosjektet, vil ein framover prøve å realisere ei stilling som friluftsråd i Solund.

Samordning

Å samordna var ei viktig tanke bak prosjektet i Solund. Difor er mange tiltak knytt til dette delmålet. Prosjektlearen har delteke i fleire arbeidsgrupper for lokale prosjekt og knytt saman ulike tiltak, som til dømes tettstadformingsprosjektet og lysprosjektet, for å skape framdrift og positive synergiar. Arbeidet fortsetter i 2014.

Tilknyting

Å styrke stoltheita for kommunen er eit breitt mål. Prosjektet har blant anna arrangert forelesing om den unike geologien samt koordinert samarbeid med skulen, barnehagen, folkehelsekoordinatoren og frivillige for å igjen bruke Solund sin 1000-års-stad (Kystarboretet). Eit «Solundkurs» var diskutert men blei ikkje gjennomført i 2013.

Prosjektet si kanskje viktigaste oppgåve er blitt å laga ein lokal utviklingsstrategi basert på kommunen sine eksisterande ressursar og verdiar. Å ha ein tydleg profil og arbeide strategisk med kommunikasjon er ein del av denne oppgåva. Strategien vil bli laga i 2014.

I 2013 jobba Solund kommune med ei integreringsplan. Planen blei vedtatt i mars 2014 og vil ligge til grunn for vidare integreringsarbeid. I 2013 jobba bulystprosjektet blant anna med å ta fram informasjon om kommunen, ei brosjyre som vil bli klar i byrjinga av 2014. Det vart òg

	<p>arrangert språkkafé, men med få som møtte. Der er framleis behov for å laga ei tydleg struktur for integreringsarbeidet og involvere både bedrifter og frivillige lag. Dette vil bli jobba med i 2014.</p>
Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	<p>Prosjektet er ei brei satsing og målgruppa er difor også brei. Målgruppene er framfor alt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alle innbyggjarar i Solund (815 personar) - Lag og organisasjonar - Små bedrifter - Kommunale etatar - Innvandrar og tilflytta nordmenn - Utflytta personar, framfor alt unge, med tilknyting til Solund <p>Prosjektet har nått fleire målgrupper gjennom ulike tiltak, men for å få eit breiare engasjement rundt utviklingsarbeidet i Solund er det viktig å spisse både mål og målgruppe i framtida prosessar. Prosessen med å laga ei lokal utviklingsstrategi vil forhåpentlegvis skape dette engasjementet i 2014.</p>
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	<p><u>Bustad</u></p> <p>Det viktigaste resultatet fram til no har vore å tydeleggjere kva behov Solund kommune har for å kome vidare med å realisere nye bustadar. Prosjektet skal laga ei bustadanalyse og ei bustadstrategi, samtidig som ein jobbar med å finne ei løysing på å realisere bustadar, t.d. Hamarøymodellen.</p> <p><u>Utvikling</u></p> <p>Eit leiarkurs har vore arrangert i 2013 og fleire kurstiltak er planlagt i 2014. I tillegg er fleire forelesingar arrangert.</p> <p><u>Levande liv</u></p> <p>Ein kafé er blitt etablert på kommunesentrumet Hardbakke. Mange ulike tiltak skjer på kafeen, til dømes lunsjar, språkkafé, fortellarkafé, ungdomskveldar, mm.</p> <p><u>Yrkesmangfold</u></p> <p>Til trass møte og kontakt med eksterne parter er det ikkje per no noko å rapportere.</p> <p><u>Samordning</u></p> <p>Forprosjektet Solund kulturlandskapspark er vidareført til eit hovudprosjekt med støtte både frå KMD og fylkeskommunen.</p> <p>Forprosjektet Tettstadforming Hardbakke er gjennomført (sluttrapptert i 2014) og ei søknad om eit hovudprosjekt vart sendt inn til fylkeskommunen i mars 2014.</p> <p>Ein rapport om sentrumsnære turvegar blei utarbeidd i samband med tettstadformingsprosjektet.</p>

	<p>Bulystprosjektet har etablert ei gruppe som skal jobba med å finne tilskotsordningar til både kommunen og frivillige lag. Gruppa består av bulystprosjektet, Solund Frivilligsentral, folkehelsekoordinatoren, kommunen sin økonomisjef og kommunen sin rådgjevar for rekruttering.</p> <p>Bulystprosjektet sin prosjektleiar deltok aktivt i planlegginga og gjennomføringa av Solunddagen</p> <p>Prosjektleiaren for bulystprosjektet deltok i arbeidet med lysfestivalen og har kopla saman lysprosjektet Alt lys på Solund med blant anna tettstadformingsprosjektet og Geologiprosjektet i HAFS.</p> <p>Bulystprosjektet har initiert samarbeid med ungdomar i Solund for å laga ei skatepark. Ein søknad om spelemidlar vart sendt inn i januar 2014.</p> <p>Prosjektet har laga ein ny type stillingsannonse som har bidrige til at kommunen har fleire gode søkerar til stillingar.</p> <p>Prosjektet støtta opp under produksjonen av SolundAvisa og laga ein artikkel om tilflytta yngre familar.</p> <p>Produksjon av ei turistbrosyre og nye kart.</p> <p>Prosjektet har bidrige med støtte i Frivilligsentralen sitt arbeid med EU-søknader for internasjonale volontørar.</p> <p><u>Tilknyting</u> Filmen Øyriket Solund har vore mykje vist og vunne to prisar på lokale filmfestivalar i Sogn og Fjordane.</p> <p>Bloggen Ung i Solund har vist til positive verdiar ved å vere ung og bu i Solund.</p> <p>Kystarboretet er Solund sin 1000-årsstad og bulystprosjektet koordinerte fleire dugnader i 2013 for å skape ny interesse for området. Arbeidet skjer i samarbeid med skule, barnehage, folkehelsekoordinatoren og Frivilligsentralen.</p> <p>Ei brosyre om aktivitetar og organisasjonar i Solund er blitt jobba med og vil bli trykt i 2014. Brosjyren vil bli brukt som ein del av ein velkomstpakke for tilflyttarar i framtida.</p> <p>For å synleggjere ting som skjer i Solund vart det i desember laga ein julekalender på Facebook med bilete frå ulike delar, personar, bedrifter og lag i kommunen. I tillegg vart det laga ei årskavalkade og Solund-julekort som folk fekk sende ut gratis til venner utanfor kommunen.</p>
--	--

	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Det skal noterast at kommuneadministrasjonen ved sida av bulystprosjektet jobbar med viktige utviklingstiltak som betre Internettkapasitet, infrastruktur, ferjesamband, mm. Der er til dømes satt ned ei arbeidsgruppe som jobbar med å realisere ei bru mellom Sula og Ytre Sula, eit prosjekt på om lag 330 millionar kroner dersom det blir realisert.</p>
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering (X)</p> <p>Vi ser at det vil bli vanskeleg å utvikle gode lokale løysingar for statlege tenester og etablering av statlege arbeidsplassar. Dette er ei oppgåve som ei liten kommune som Solund er i stort behov av hjelp frå både regional og nasjonal nivå. Det skal likevel noterast at dette berre er ei liten del av prosjektet, og det viktigaste målet med prosjektet er å finne ei langsiktig struktur på arbeidet med lokal utvikling i Solund, og dette ser vi før oss vil bli gjennomført i løpet av prosjektperioden.</p>
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<p>a) Helt lokal effekt (X) b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant</p>
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>Prosjektet bruker PLP-metoden og prøver i gjennom ulike tiltak å involvere næringsliv, frivillig sektor og ålementa.</p> <p>Formannskapet er styringsgruppa for prosjektet, og opprinnelag bestod prosjektgruppa av fem personar: ordføraren, administrasjonssjefen, samt ein representant frå plan og utvikling, næringslivet og frivillig sektoren. I 2013 blei styringsgruppa og prosjektgruppa slått saman for å skape eit større forum for diskusjonar om bulystprosjektet og lokal utvikling.</p> <p>Arbeidet i bulystprosjektet vart i 2013 kopla saman med delar av kommunen sin handlingsplan for næringsutvikling. På denne måten klarte Solund kommune av å gjennomføre fleire tiltak i linje med planane og såleis skape positive effektar.</p> <p>I nokre bein vil prosjektet brukast som ein ekstra resurs for kommunen for å kome vidare med tiltak som elles ikkje blir jobba med. I 2013 vart til dømes eit tettstadformingsprosjekt gjennomført og ein søknad sendt inn om spelemidlar for å laga ein skatepark.</p>

Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	Solund til 1000 er eit kommunalt prosjekt og det kan difor vere vanskeleg å trekke ut verdiar som kan førast over til lokalsamfunn eller lokale bygdeutviklingsprosjekt. Bulystprosjektet har likevel vist på at det er viktig å forankra denne type kommunale prosjekt både hjå politikar og innbyggjarar tideleg i prosessen, samt å tydeleggjere roller og forventningar på til dømes prosesser og resultat.																																																																				
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	<p>Prosjektet har bidrege til å synleggjere Solund i ulike samanheng. I samarbeid med Solund Næringsutvikling koordinerte prosjektet innspelinga av matprogrammet Det Norske Måltid, som blei sendt på TV2 i november. Ei sommarbrosyre blei laga med informasjon om arrangement, lokale reiselivsbedrifter, ting å gjøre i Solund, og praktisk informasjon. Artiklar vart laga i både Firda og Ytre Sogn Avis om lysprosjektet Alt lys på Solund og Solund lysfestival. Ein heilt ny type stillingsannonse vart laga for Solund kommune og også brukt som ei måte å markedsføre kommunen. Ein blogg (Ung i Solund) og ein film (Øyriket Solund) blei laga for å synleggjere positive verdiar i Solund framfor alt for yngre personar med tilknyting til kommunen.</p> <p>Prosjektleiarene har delteke på fleire bulystsamlingar i 2013. I arbeidet med Tettstadforming Hardbakke har ein også hatt mogelegheit å medverke i eit fylkeskommunalt forprosjekt om å bruke og lære meir om metoden Cultural Planning. Der har vore totalt tre samlingar med kursleiarar frå Sverige og England.</p> <p>Møte med Norske Parker i Oslo som del av forprosjektet Solund kulturlandskapspark.</p>																																																																				
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Kostnader</th> <th>Budsjett</th> <th>Rekneskap 2012</th> <th>Rekneskap 2013</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Lønn og sos. kostn. prosjektleiar</td> <td>550 000</td> <td>428 420</td> <td>628 104</td> </tr> <tr> <td>Kjøp av tenester</td> <td>411 667</td> <td>110 007</td> <td>497 072</td> </tr> <tr> <td>Reisekostnader</td> <td>40 000</td> <td>5 559</td> <td>38 119</td> </tr> <tr> <td>Marknadsføring/omdøme</td> <td>50 000</td> <td>3 900</td> <td>48 468</td> </tr> <tr> <td>Andre driftskostnader</td> <td>30 000</td> <td>11 136</td> <td>15 506</td> </tr> <tr> <td>Utstyr lkt m.v.</td> <td>10 000</td> <td>6 810</td> <td>7 672</td> </tr> <tr> <td>Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)</td> <td>40 000</td> <td>32 000</td> <td>48 000</td> </tr> <tr> <td>Eigeninnsats timer</td> <td>260 000</td> <td>384 375</td> <td>352 150</td> </tr> <tr> <td>Sum kostnader</td> <td>1 391 667</td> <td>982 206</td> <td>1 635 091</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Finansiering</td></tr> <tr> <td>Tilskot KRD</td> <td>633 333</td> <td>816 000</td> <td>784 000</td> </tr> <tr> <td>Tilskot Fylkeskommunen</td> <td>383 333</td> <td>0</td> <td>656 250</td> </tr> <tr> <td>Eigne midlar - Næringsfond</td> <td>75 000</td> <td>0</td> <td>150 000</td> </tr> <tr> <td>Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)</td> <td>40 000</td> <td>32 000</td> <td>48 000</td> </tr> <tr> <td>Eigeninnsats timer</td> <td>260 000</td> <td>384 375</td> <td>352 150</td> </tr> <tr> <td>Sum finansiering</td> <td>1 391 667</td> <td>1 232 375</td> <td>1 990 400</td> </tr> </tbody> </table>	Kostnader	Budsjett	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Lønn og sos. kostn. prosjektleiar	550 000	428 420	628 104	Kjøp av tenester	411 667	110 007	497 072	Reisekostnader	40 000	5 559	38 119	Marknadsføring/omdøme	50 000	3 900	48 468	Andre driftskostnader	30 000	11 136	15 506	Utstyr lkt m.v.	10 000	6 810	7 672	Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)	40 000	32 000	48 000	Eigeninnsats timer	260 000	384 375	352 150	Sum kostnader	1 391 667	982 206	1 635 091	Finansiering				Tilskot KRD	633 333	816 000	784 000	Tilskot Fylkeskommunen	383 333	0	656 250	Eigne midlar - Næringsfond	75 000	0	150 000	Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)	40 000	32 000	48 000	Eigeninnsats timer	260 000	384 375	352 150	Sum finansiering	1 391 667	1 232 375	1 990 400
Kostnader	Budsjett	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013																																																																		
Lønn og sos. kostn. prosjektleiar	550 000	428 420	628 104																																																																		
Kjøp av tenester	411 667	110 007	497 072																																																																		
Reisekostnader	40 000	5 559	38 119																																																																		
Marknadsføring/omdøme	50 000	3 900	48 468																																																																		
Andre driftskostnader	30 000	11 136	15 506																																																																		
Utstyr lkt m.v.	10 000	6 810	7 672																																																																		
Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)	40 000	32 000	48 000																																																																		
Eigeninnsats timer	260 000	384 375	352 150																																																																		
Sum kostnader	1 391 667	982 206	1 635 091																																																																		
Finansiering																																																																					
Tilskot KRD	633 333	816 000	784 000																																																																		
Tilskot Fylkeskommunen	383 333	0	656 250																																																																		
Eigne midlar - Næringsfond	75 000	0	150 000																																																																		
Eigeninnsats SK (kontorhald m.v.)	40 000	32 000	48 000																																																																		
Eigeninnsats timer	260 000	384 375	352 150																																																																		
Sum finansiering	1 391 667	1 232 375	1 990 400																																																																		

Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	<p>Gjennom arbeidet med framfor alt ein lokal utviklingsstrategi legg Solund kommune ei solid grunn for framtida arbeid med lokal utvikling. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar prosjektet med 550.000 kroner også i 2015, og dette gir Solund kommune ei reell moelegheit å jobbe vidare på ein strategisk måte. Bustadanlysen og bustadstrategien vil også hjelpe Solund kommune å kome vidare med tilrettelegginga og utviklinga av bustadbygging, ei viktig oppgåve for å klare av å auke folketalet i framtida.</p>